



## SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

### Protokoll for generalforsamling i Sogn og Fjordane Energi AS 18. juni 2015 – kl. 1100 på Strandtun, Sandane

Frå aksjonærane møtte:

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Åshild Kjeldsnes	3 560 902	aksjar
BKK AS v/ Atle Neteland	2 850 413	aksjar
Gloppen kommune v/ Anders Ryssdal	2 011	aksjar
Gloppen Energi AS v/ Anders Ryssdal etter fullmakt	246 444	aksjar
Askvoll kommune v/ Styreleiar Per Atle Kjøllesdal etter fullmakt	106 290	aksjar
Bremanger kommune v/ Styreleiar Per Atle Kjøllesdal etter fullmakt	177 575	aksjar
Flora kommune v/ Styreleiar Per Atle Kjøllesdal etter fullmakt	333 632	aksjar
Selje kommune v/ Geir Kvisten etter fullmakt	102 599	aksjar
Eid kommune v/ Ole-Petter Henden etter fullmakt	10 703	aksjar
Naustdal kommune – ikkje møtt.	6 536	aksjar

99% av aksjekapitalen var representert.

Dessutan møtte:

Sogn og Fjordane Energi AS v/styreleiar Per Atle Kjøllesdal  
Sogn og Fjordane Energi AS v/konsernsjef Asgeir Aase  
Sogn og Fjordane Energi AS v/konserndirektør økonomi og finans Martin Holvik  
Sogn og Fjordane Energi AS v/styremedlem Geir Magne Enebø  
Sogn og Fjordane Energi AS v/styremedlem Oddmund Årdal  
Sogn og Fjordane Energi AS v/konsernsekretær Birgith Hjelle Roset  
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesrådmann Tore Eriksen  
Deloitte AS v/revisor Rune Norstrand Olsen

**Sak nr. 15/GF-001: Val av møteleiar**

Samrøystes vedtak:

Åshild Kjeldsnes vert vald som møteleiar.

**Sak nr. 15/GF-002: Val av ein person til å skrive under møteboka saman med møteleiar**

Samrøystes vedtak:

Anders Ryssdal vert vald til å skrive under møteboka saman med møteleiar.

**Sak nr. 15/GF-003: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Sak nr. 15/GF-004: Fastsetting av rekneskap og disponering av overskot for 2014, og fastsetting av balanse pr. 31.12.2014 for Sogn og Fjordane Energi AS**

Samrøystes vedtak:

1. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for 2014 med eit overskot på kr 513.529.832 for morselskapet og kr 418.564.440 for konsern og ein totalbalanse på kr 4.018.069.900 for mor og kr 5.837.396.000 for konsern.
2. Generalforsamlinga godkjenner eit utbytte på kr 10,47 pr. aksje, totalt kr 77.437.219.
3. Generalforsamlinga godkjenner slik disponering av årsoverskotet i morselskapet:

Overført til annan eigenkapital:	kr 328.786.351
Overført til fond for vurderingsforskjeller	kr. 107.306.262
<u>Avsett til utbytte:</u>	<u>kr 77.437.219</u>
<u>Sum disponert:</u>	<u>kr 513.529.832</u>
4. Generalforsamlinga tek styret si melding 2014 til etterretning.
5. Generalforsamlinga tek meldinga frå revisor til etterretning.

**Sak nr. 15/GF-005: Godkjenning av honorar for revisor og fastsetting av honorar for styremedlemmer**

Samrøystes vedtak:

*Generalforsamlinga godkjenner revisor sitt honorar for 2014 på kr 267 000,- for morselskapet og kr 951 000,- for konsernet totalt.*

**Valnemnda sitt framlegg til vedtak på honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet:**

*Generalforsamlinga vedtek følgjande godtgjering til styret sine medlemmer:*

<i>Styreleiar</i>	<i>Fast honorar på kr</i>	<i>158 000</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Fast honorar på kr</i>	<i>88 000</i>
<i>Medlem</i>	<i>Fast honorar på kr</i>	<i>76 000</i>
<i>Varamedlem</i>	<i>Møtehonorar på kr</i>	<i>4 430</i>

*Til medlemmer av revisjonsutvalet ved generalforsamlinga følgjande godtgjersle:*

Leiar og medlemmer Fast honorar på kr 25 800

Det vert ikkje utbetalt tapt arbeidsforteneste til styremedlemmer eller medlemmer av revisjonsutvalet.

Godtgjersla gjeld med verknad frå 01.07.2015.

**Sak nr. 15/GF-006: Val av medlemmer til styret og valnemnda**

Samrøystes vedtak:

Anne Marit Steen vert valt som nytt styremedlem til erstatning for Kristin Linnerud.


**Sak nr. 15/GF-007: Val av revisor**

Samrøystes vedtak:

Deloitte vert valt som revisor for Sogn og Fjordane Energi AS.

Sandane, 18. juni 2015

  
Åshild Kjeldsnes

  
Anders Ryssdal